

OFNEC – merknadar frå instituttleiar

Institutt for framandspråk har fått spørsmål frå fakultetet om å vurdere deltakinga i samarbeidet med Office franco-norvégien d'échanges et de coopération. Samarbeidet har vore ein integreert del av studietilbodet på franskfaget på instituttet, men har samstundes òg ein økonomisk kostnad både for fakultetet og institutt. Spørsmålet er om verdien av studietilbodet rettferdiggjær kostnaden.

Utanlandsopphald er ei viktig del av utdanningsløpet til våre studentar. For å få til gode opphald som heng godt saman med den undervisinga vi tilbyr her i Bergen, er senter som OFNEC i Caen viktig infrastruktur. Franskfaget gjer godt greie for verdien av samarbeidet i sitt notat. Dei peikar på kva utfordringar som ligg i arbeidet med å rekruttere studentar, men er tydelege på kva slags tiltak som kan bidra til å gjere det meir sannsynleg at studentane vil ønskje å reise på eit slik opphald.

Kostnadane for fakultetet er eit fast beløp på 250 000 NOK per år. I notatet vert det vist til at det har vore nokre uklårheiter knytte til betalinga dei siste åra, men instituttleiinga har ikkje fått andre signal enn at fakultetet vil halde fram med å betale.

På instituttnivå er kostnadane variable og knytte til utgiftene med å sende ein underviser frå Noreg til Caen saman med studentane. I 2019 var desse kostnadane på om lag 100 000 NOK, men franskfaget meiner det vil vere mogleg å halde desse kostnadane tydeleg lågare om opphaldet vert kortare og om ein legg opp til at dei lokale står for meir av undervisinga.

I eit kostnadsperspektiv er det viktig å leggje merke til at vi får tilført ein meirverdi gjennom den økonomiske stønaden frå HK-dir og Universitetet i Caen.

Med utgangspunkt i desse vurderingane meiner eg det er grunn til å støtte franskfaget sitt ønskje om å vidareføre samarbeidet med OFNEC og oppmodar instituttrådet til å stille seg bak dette.